

Referat frå styremøte nr. 2-2019

Dato: 15.03.2019

Tid: Kl. 10.00 -13.00

Stad: NTNU i Ålesund, møterom Ørnetua i 3. etasje i K-bygget

Til stades frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordfører i Stordal kommune)

1. varamedlem ordførarar Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

Forfall:

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (ordfører i Skodje kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune)

Styremedlem Andreas Chr. Nørve (rådmann i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Andre til stades:

Varamedlem i forhandlingsutvalet ved revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, advokat Guri Hasund Reiten i Ålesund kommune (sak 9/2019)

Referent: Vegard Austnes

Sak 7/2019: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjend. Styremedlem Vebjørn Krogsæter tok opp som sak til eventuelt innspel til Nærings- og fiskeridepartementet til ny Havstrategi.

Sak 8/2019: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 2. februar 2019 (nr. 1 - 2019)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige styremøte vart godkjend.

Sak 9/2019: Revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

Ved varamedlem i forhandlingsutvalet ved revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, advokat Guri Hasund Reiten i Ålesund kommune

Reiten orienterte om arbeidet med revisjon av samhandlingsavtalen.

Representantane frå deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd til forhandlingsutvalet treng tilbakemelding frå kommune på behova/kva ein ønskjer endra i samhandlingsavtalen. Forhandlingsutvalet si rolle er å ivareta kommunane sine interesser.

Møta i forhandlingsutvalet fram til no har handla om å få til eit tydeleg mandat. Nytt mandat er no vedteke i Overordna samhandlingsutval. Utgangspunktet for revisjonen er gjeldande samhandlingsavtale. Ein vil halde på delavtalar til samhandlingsavtalen dersom ein ikkje kan skilje ut klare retningslinjer.

Dei juridiske minimumskrava til avtalen går fram av helse- og omsorgstjenestelova § 6-1 og 6-2. Det har vore drøfta å få til ei harmonisering med St. Olavs hospital sin samhandlingsavtale med kommunane i Trøndelag. I denne avtalen har ein politisk samhandlingsutval, administrativt samhandlingsutval og fagråd.

Ein har fått signal frå kommunane om at Helseplattformen ikkje skal takast med i revisjonsarbeidet då det er ein pilot med ukjende konsekvensar.

Det skal vere eit dialogmøte om samhandlingsavtalen over påske. Revisjon av samhandlingsavtalen vert teke opp att som sak på neste styremøte 10. mai 2019. Forhandlingsutvalet vil på møtet presentere eit forslag til samhandlingsstruktur.

Reiten sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 10/2019: Orientering om møtet med samferdselsministeren 4. mars 2019 om Møreaksen og Hafast. Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Tryggestad og Aurdal orienterte om møtet. Ein opplevde at samferdselsministeren var tydeleg på at det er gjort vedtak om Møreaksen. Samferdselsministeren var også tydeleg på at han ønskte meir politisk forankring for arbeidet med NTP i ein tidleg fase.

Sak 11/2019: Gjennomføring av Strategi Sunnmøre Regionråd 2019

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Aurdal orienterte om møtet 14. mars med Mørebenken på Stortinget om statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal. På møtet deltok også representantar for dei andre regionråda i fylket.

Vidare orienterte Aurdal om konferansen «I same båt» 11.april som kjem i staden for ordførarmøte nr. 2-2019 i Sunnmøre Regionråd. Representantskapsmøte nr. 2-2019 12. april vert utsett.

Aurdal orienterte om planane for ordførarsamling og representantskapsmøte nr. 3-2019 6.-7. juni. Tema for samlinga er Kompetanse for framtida.

Til slutt orienterte Aurdal om at ordførarane i deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd, samt representantar for dei andre regionråda i fylket, vert invitert til ei samling 26.-27. april under konferansefestivalen The North West.

Sak 12/2019: Eventuelt

Sak til eventuelt var innspel til Nærings- og fiskeridepartementet til ny Havstrategi. Styret vedtok å sende uttale om saka. Uttalen følgjer vedlagt.